
Fra: Innovasjon Norge <firmapost@innovasjon norge.no>
Sendt: fredag 25. januar 2019 13:05
Til: Innovasjon Norge
Emne: Kommunens oppgaver for Innovasjon Noreg

Hei

Landbruks- og matdepartementet fastsette frå 1. januar 2019 endring i [Forskrift av 19. desember 2014 nr 1816 om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket](#), (IBU-forskrifta), jf. brev av 20.12.2018 frå LMD.

Forskriftsendringa inneber at kommunen no berre har oppdrag for Innovasjon Noreg i forhold til ovannemnde forskrift, og at oppgaver knytt til lån såleis fell bort.

Vidare arbeider Innovasjon Noreg med ei større digitalisering av landbruksoppdraget, og for midlar til tradisjonelt landbruk vil det verta lansert ei ny digital løysing i løpet av året. Kommunane vil bli nærare orientert om dette seinare.

Digitalisering fordrar felles arbeidsprosessar, og det vil både som følgje av dette og forskriftsendringa bli nokre justeringar i oppgåva til kommunen som vi innfører no.

Endringane er i hovudsak:

- **Søknad:**

Dagens e-søknadsløysing vil bli fasa ut på sikt, og det vil derfor ikkje bli gjort større systemmessige endringar.

Derimot blir det mindre justeringar i kva kommunen skal uttale seg om, og det vert foretatt justeringar av hjelpetekstane i e-søknadsløysinga.

Søknader som berre gjeld lån kan kommunen vidaresende til Innovasjon Noreg utan å skrive uttale på den.

Kommunen har heller ikkje lenger oppgåve med å vurdere verdien på eigedommen.

For søknader som gjeld berre tilskott eller tilskott og lån, skriv kommunen uttale før den vert vidaresendt til Innovasjon Noreg.

- **Utbetaling:**

Det vert justering i reglane for utbetaling, og krav om utbetaling saman med naudsynt dokumentasjon skal sendast direkte frå kunden til Innovasjon Noreg.

Dette går fram av [Dokumentasjon for utbetaling](#) i tilsegnsbreva til kunden.

I samband med sluttutbetaling skal kunden innhente rekneskap stadfesta av autorisert rekneskapsfører som skal følgje med sluttrapport og krav om utbetaling til Innovasjon Noreg. For [investeringsprosjekt](#) skal kunden i tillegg innhente stadfesting frå kommunen om at investeringa er ferdig, jf. skjema «Ferdiggodkjenning».

Kunden må også innhente dette sjølv om det berre gjeld lån frå Innovasjon Noreg.

For eldre prosjekt der kunden sender kravet om utbetaling via kommunen, ber vi om at kommunane er hjelpsme med å vidaresende det til Innovasjon Noreg.

Vennleg helsing

Kjell Bruvoll

Spesialrådgjevar landbruk
Innovasjon Noreg

M. + 47 958 58 629

kjell.bruvoll@innovasjon norge.no

www.innovasjon norge.no



Innovasjon Noreg
Akersgata 13
Postboks 448 Sentrum
0104 Oslo
+47 22 00 25 00